

Høringssvar

Forskrift om tilskudd til funksjonshemmedes organisasjoner

Organisasjon

Rådgivning Om Spiseforstyrrelser

Innlevert

4/16/2019

Kapittel 4. Driftstilskudd - § 19. Vekting og poengberegning for variable utmålingskriterier

c) Vi meiner det er uheldig at ein får poeng for lokallag, men ikkje for lokale senter/kontor, sjølv om aktiviteten hos desse kan vere vel så stor. Vi meiner at forskrifta burde endrast for å tilgodesjå medlemsretta aktivitet også ved lokale avdelingar som ikkje er organisert som lokallag. Å gjere lokale avdelingar om til lokallag er eit arbeid som vil krevje store administrative ressursar, og vi meiner at organisasjonar som heller vel å bruke desse ressursane på å skape lokal aktivitet, burde kunne få poeng for dette.

f) Vi meiner det i både tidlegare regelverk og ny forskrift blir lagt for stor vekt på medlemstal i forhold til aktivitetsnivå i organisasjonane. Vi er positive til at det i ny forskrift er foreslått å gi poeng for andre former for erfaringsdeling, herunder likepersonstelefon og chat-teneste, men meiner at ein burde tilgodesjå aktivitetsnivået i slike tenester, då det her kan vere stor variasjon. Rådgivning Om Spiseforstyrrelser har til dømes hatt ein stor auke i antall henvendelsar til vår landsdekkande chat-teneste dei siste åra, men ville etter foreslåtte forskrift ikkje fått poengmessig uttelling for denne auken. Vi meiner tilgjengelegheit i tenestene (opningstider), antall henvendelsar og/eller antall likepersonsdagar også her bør ligge til grunn for poengfordeling.